

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - C11	17/1341

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
64/2017	Utval for levekår	PS	12.09.2017

## Arbeidsgruppe ungdomstilbod

### Vedlegg:

Arbeidsgruppe ungdomstilbod  
Notat til sak PS 52/2017  
Uttale om arbeidsgruppe

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Saka var oppe til handsaming i Utval for levekår den 30.5.2017, ULK-52/2017, med vedtak «*Saka vert utsett til møte i september*»

For utfyllande bakgrunnsinformasjon, sjå opphavleg saksframlegg som ligg ved denne saka.

Etter førre møte i utvalet kom det inn eit notat til saka frå Meland Krf, journalført 1.6.2017. Dette ligg òg ved denne saka.

#### Vurdering

Saka vert lagt fram på nytt, utan framlegg til vedtak, der ein kan om ønskjeleg stille opp mål og arbeidsoppgåver til arbeidsgruppa, og ta stilling til tal på representantar frå ungdomslaga, kyrkja og evt. andre samarbeidspartnarar. Gruppa vil verte kalla inn ved første høve når aktuelle partar har valt representantar.

### Framlegg til vedtak:

### Utval for levekår - 64/2017

### ULK - behandling:

**Framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen (Sp):**

"Utval for levekår ser ikkje behov for å etablere arbeidsgruppe for ungdomstilbod på noverande tildspunkt."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**ULK - vedtak:**

Utval for levekår ser ikkje behov for å etablere arbeidsgruppe for ungdomstilbod på noverande tildspunkt.